



## Prosjekt Bryggen - Utlysing av ekstra tilskotsmidlar til istandsettingstiltak under PB-100 i 2014

Midlane til Prosjekt Bryggen blir løyvd årleg frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 79 verdsarv. Hordaland fylkeskommune har ansvar for å fordele tilskot til sikring og istandsetting av bygningane, under hovudpostane PB-100 Istandsetting og PB-200 Sikring og prosjektering. Vidare har fylkeskommunen ansvar for å fordele tilskot til nokre delprosjekt under PB-500 Fellesoppgåver.

På budsjettposten **PB-100 istandsetting** for 2014 står det ca. 2,1 millionar kroner som ikkje er fordelt. Midlane lysast ut til tiltakshavarane for dei tre pågåande istandsettingstiltaka under PB-100, til istandsettingsarbeid under PB-100 som utførast i 2014.

Merk at tilskotsmidlar til arbeid som skal utførast i 2015 vil bli lyst ut separat, og går over budsjettet for 2015.

### Søknadsfrist

15. oktober 2014.

### Søknadsformat

Søknaden må fyllast ut i Excel-fila som er lagt ved.

### Innsending

- Søknaden må sendast inn som Excel-fil.
- Søknaden sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) med kopi til [helene.moe@hfk.no](mailto:helene.moe@hfk.no)

### Retningslinjer for tilskot

Retningslinjer for tilskot i Prosjekt Bryggen er vedtekne av fylkesutvalet, og justerast av fylkesutvalet ved behov. Gjeldande retningslinjer er vedlagt. (Merk at sidan retningslinjene gjeld for Prosjekt Bryggen generelt, vil det til dømes vere opplyst ein annan søknadsfrist enn søknadsfristen for ekstra tilskot til istandsettingstiltaka i 2014.)

### Krav som må vere oppfylt før søknad om ekstra tilskot 2014 sendast

- Same dag eller i forkant av innsending av søknaden, må det vere innsendt ein delrapport for perioden januar – september 2014, etter den gitte malen og i eit tilsendt delrapporteringskjema.
  - Dersom ein tiltakshavar tidlegare har fått fritak for å sende inn delrapport for perioden januar – september, men ønskjer å søke om ekstra tilskot for 2014, må tiltakshavar på eige initiativ ta kontakt med fylkeskommunen for å få tilsendt eit skjema som skal brukast til delrapportering for perioden januar – september.
- Det må vere rapportert og dokumentert i tråd med tilsegnsbrevet for 2014 med vedlegg.

- Dei vilkåra som tidlegare er gitt i tilsegnsbrevet for 2014 med vedlegg må vere oppfylt. Dersom eit eller fleire av desse vilkåra ikkje er oppfylt, vil ein søknad om ekstra tilskot for 2014 bli avvist.

## **Krav til søknaden**

- Søknaden må oppfylle dei generelle krava som gjeld for søknader til Prosjekt Bryggen.
- Søknaden må gjelde for istandsettingsarbeid under PB-100 som utførast i 2014.
- Behovet for ekstra tilskot i 2014 må grunnleggjast presist. Avvik i forhold til planer og budsjett må spesifiserast og grunnleggjast.
- Dersom det søkast om tilskot til delar av det arbeidet som er utført tidlegare i 2014, må det i søknaden tydeleg spesifiserast kva for poster dette gjeld, det må visast til dei aktuelle postane i delrapporten for januar – september, og det må for dei aktuelle postane spesifiserast kor mange timars arbeid som allereie er utført.

## **Handsaming av søknadene**

Fylkeskommunen legg opp til å sende ut vedtak i løpet av nokre veker etter søknadsfristen.

Dersom fylkeskommunen skulle finne at det ikkje ligg føre grunnlag for å tildele ekstra tilskot til istandsettingstiltaka i 2014, vil midlane bli overført til budsjettet til Prosjekt Bryggen for 2015.